

Søknad om ferdigattest – GBNR 10/215 seksjon nr 1 og 2 – Støtteskriv ved avgjerd om ferdigmelding av bygg

Administrasjonen viser til epost motteke 29.10.15 tidlegare innsendt ferdigmelding for ovannemde bygg, arkivsakid 06/1974. Mellombels bruksløyve vart gitt 16.9.2008. Når det elles gjeld bakgrunnen for saka viser kommunen til korrespondansen i 2015 mellom administrasjonen og velforeininga/bebuarane i Holsbergstien knytt til førespurnad om bruk av fondsmidlar til oppføring av gatelys. Gjennom denne korrespondansen meiner kommunen omsynet til forsvarleg sakshandsaming og opplysning av saka er ivaretake, jf forvaltningslova § 17. Gjennom handsaming og avgjerd som nemnd har kommunen forsøkt å finne ei forsvarleg avslutning på saka i samråd med bebuarane på staden.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gi ferdigattest som omsøkt utan at det er grunnlag for å stille krav om dispensasjon fra rekkefølgjekrava i reguleringsplanen. Det ligg føre dokumentasjon i samsvar med plan-og bygningslova (tbl 1985) § 99. Vidare legg kommunen til grunn at opparbeiding av uteområde knytt til bustadene er ferdig, sml opplysning i mellombels bruksløyve. På bakgrunn av avgjerala om å nytte fondsmidlar til oppføring av gatelys, finn kommunen at det ikke lenger er grunnlag for å nekte ferdigattesting av bustadene med tilvising til rekkefølgjekrav og manglande innbetaling av fondsmidlar, se vedlegg.

Kommunen legg ved avgjerala vekt på omsynet til bebuarane i bygget. Det er gått lang tid frå mellombels bruksløyve vart gitt og frå bygget vart ferdigmeldt i 2008. Utbyggjar av området – som opphavleg var ansvarleg for innebetaling av fondsmidlar for omsøkte eigedom – gikk konkurs utan å ha sett til innbetaling av fondsmidlar. Søkjarane meiner å ha betalt sin del gjennom kjøp av eigedomen til utbyggjar og kommunen har gjennom sin rolle i saka som fondsforvaltar ikkje vurdert å ha grunnlag for rettslig pågang for å drive inn utesståande beløp. Etter ei samla vurdering av tida som er gått, den fastlåste situasjonen som har oppstått som følge av konkursane, avgjerala om bruk av fondsmidlar til gatelys og omsynet til bustadeigarane i området, har komunen difor vedteke å utstede ferdigattest for omsøkt bygg.